




## Informasjon om ny rutine for kommunikasjon heim-skule

Som følgje av krav til universell utforming, har Visma laga ein oppdatert versjon av dagens føresettportal (også kalla Hjemmeweb). Dei har også laga ein tilhøyrande app til føresettportalen: *Min Skole for føresette*.

Formålet er å gjere kommunikasjonen mellom skule og heim endå betre.



Alt de som føresette gjer i appen, vil komme direkte inn *Visma Føresettportal*. Om til dømes ein føresett melder fråvær i appen, vil det bli lagra direkte inn i føresettportalen.

På heimesidene til Alver kommune [Alver kommune - App for kommunikasjon mellom heim og skule](#) er det ein oversikt over korleis du kan laste ned appen. På heimesidene kan du også lese om korleis personopplysningar vert behandla i det skuleadministrative [Alver kommune - Personvernerklæring for skulane i Alver](#)

Som vedlegg til e-posten ligg to brukarmanualar, med detaljert informasjon om korleis ein kan bruke appen og den oppdaterte føresettportalen, og kva funksjonar som ligg i desse to systema. Alle funksjonane er ikkje tilgjengeleg hjå oss enno, fleire funksjonar vert opna etter kvart som appen vert tatt meir i bruk.

Desse funksjonane kan de som føresette frå skulestart gjere i appen:

- sende melding til skulen
- legge inn fråvær på barnet sitt
- skrive inn SFO-beskjedar

**Det er viktig at alle føresette er klar over at det finst ein funksjon ved namn *Gruppemelding* i appen. Om ein svarar eller skriv noko i ei gruppemelding med fleire deltakarar, vil alle i samtalen sjå det ein skriv. Sensitiv informasjon skal aldri skrivast i slike meldingar. Om de har meldingar av sensitiv karakter; ring skulen eller avtal eit møte.**

Mvh

leinga ved Vestbygd skule v/konstituert rektor Vibecke S. Samuelson